



Nordplan AS
Tlf: 57 88 55 00
post@nordplan.no
www.nordplan.no

Målet for prosjektet ved Eikefjord kyrkje var betre tilhøve for universell tilkomst, nytt servicebygg med hc-toalett og fleire parkeringsplassar. Nordplan utarbeida forslag i samråd med kyrkjeverje og representantar frå fellesrådet og måtte ha godkjenning både frå Bjørgvin bispedømeråd og Riksantikvaren.

Ny gangveg vart planlagt frå parkeringsplass i vest, med ny port i eksisterande kyrkjegardsmur. Eit nytt lite servicebygg er plassert på utsida av den nye porten. Eksisterande parkeringsplass er utvida.

Ved hovudinggangen til kyrkja er eksisterande trapp i betong utvida og erstatta med ny trapp og rampe murt i stein. Takoverbygg ved hovudinggang er utvida og tilpassa nytt hovudrepos, men med same utforming som eksisterande. Sideinngang mot nord har fått ny murt trapp. Det er gjort svært fint murarbeid, som harmonerer fint med eksisterande grunnmur på kyrkja.

Byggherre:	Kinn kyrkjelege fellesråd
Oppdrag:	Forprosjekt og detaljprosjektering. Ansvarleg søkar.
Fagområde:	Arkitektur og landskapsarkitektur
Stad:	Eikefjord, Flora kommune
Areal:	landskap 1400 m2, nybygg 15 m2 BTA
År:	2016